



På fotballkamp med lokaloppgjør mellom Hiberian og Dundee (Foto: Kjell Magne Haugland)

I helga var sju av totalt ni medlemmer i Humlepungen Bryggjarlag på studietur til Edinburgh i Skottland. Geir Eidsvik var med som observatør. Studieturane til Bryggjarlaget har eit sosialt, kulturelt og fagleg siktemål.



Reiseleiar Bjarne Lilleaas på den eldste puben i Edinburgh, The White Hart Inn (Foto: Kjell Magne Haugland)

Bjarne Lilleaas var turleiar. Han har lang røynsle frå turar i inn- og utland.

Med reise over Helganes i Haugesund er flytida på vel ein time og med tidlege avgangar får ein mykje utav tre heile dagar i byen.

Edinburgh med vel ein halv million innbyggjarar er frå 1437 hovudstad og den nest største byen i Skottland. Det nye parlamentet frå 1999 ligg i Edinburgh og byen kom på UNESCO si verdsarvliste alt i 1995.

Mest kjend er truleg Edinburgh Castle der den årlege Military Tattoo festivalen vert skipa til.

HM Kongens Garde har ved fleire høve vore gjest her og utmerka seg med parade, drilling og konsertar.

Festningen er det største turistmålet i landet med eit utal av historiske utstillingar og aktivitetar.

Edinburgh Castle er framleis i bruk som hovudkvarter for den britiske armeen i Skottland og for ulike skotske regiment.

Byen er base for mange verdskjende arrangement. Mellom desse er Edinburgh Festival,- eit samleomgrep for mange festivalar i august månad. Her er noko for alle smakar,- film, litteratur, teater, ulike musikkgenre og kunst.

Grappa var samla på ulike attraksjonar og synfaringar,- byvandring, fotballkamp, Edinburgh Castle og opphald på eit opplevingssenter for Whiskyproduksjon. Det vart sjølv sagt avsett tid til pubbesøk og smaking på ei rekkje øltypar.

I mindre grupper vart det tid til fjelltur, besøk på det tidlegare kongeskipet Britannia, Nasjonalgalleriet, dronningresidensen og parlamentet. Det vart diverre ikkje tid til ein tur innom den store St. Giles kyrkja der koret Røysterett for alle hadde konsert for nokre år sidan.

Edinburgh er ein romsleg og vakker by med mange parkar og store monumentale bygg og minnesmerke. Hundretals benker med inskripsjon er utplassert i parkane. Dei er donerte av private som på den måten minnest sine kjære.

Byen har (som Bergen) starta arbeidet med bybane. Den skal gå frå flyplassen, gjennom hovudgata Princess Street til hamna i Leith.

Førebuinga til neste studietur er i full gang. Humlepungen Bryggjar set nemleg alt inn på å reisa til Munchen om to år for å vera med på Oktoberfestivalen,- den største ølfestivalen i Europa.



Edinburgh Castle, den ruvande festningen. (Foto: Kjell Magne Haugland)
Av Kristian Bringedal



Magne Huglen i ei uvant rolle. (Foto: Kjell Magne Haugland)